



Arkivnr: 2018/13619-2  
Saksbehandlar: Stanley Hauge

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		31.01.2019

### Komit  for avslutting fylkestingsperioden 2015-2019

#### Samandrag

Fylkestingsperioden 2015-2019 vert avslutta ved utgangen av 2019. I samsvar med tradisjon for Hordaland fylkessting skal avslutting markerast med festsamkome i H konshallen. Dato for tilskipinga er fastsett til 10. desember 2019. Til   forebu samkoma foresl r fylkesr dmannen at fylkesutvalet vel ein komit  med tre politikarar som medlemer.

** konomi:** Kostnadene med avsluttinga vert dekte av budsjettet for fylkestinget.

**Klima:** Ingen verknad.

**Folkehelse:** Ei hyggeleg samkome til styrke for sinn og helse.

**Regional planstrategi:** Ingen verknad.

#### Forslag til vedtak

Til komit  for avsluttingssamkome for fylkestinget 2015-2019 utnemner fylkesutvalet:

- 1.
- 2.
- 3.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesr dmann

Bertil S fteland  
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 09.01.2019**

Hordaland fylkesting har tradisjon for å avslutta dei fireårige tingperiodane med festsamkome i Håkonshallen i Bergen i samband med det siste fylkestinget i perioden. Sidan 1995 har fylkestingperioden vore avslutta i oktober når fylkestinget for den nye valperioden er konstituert. Festsamkoma har då vore dagen før det nye fylkestinget vart konstituert.

Fylkestinget for perioden 2015-2019 har i samband med regionreforma frå 1.1.2020 fått lengd perioden sin ut 2019. Avsluttinga for denne perioden vert difor lagt til desember. Datoen er i møteplanen for 2019 fastsett til tysdag 10. desember. Håkonshallen er tinga og reservert for denne datoen.

Til å førebu festsamkoma har praksis vore å velja ein komité på tre politikarar. Fylkesrådmannen føreslår at det same vert gjort denne gongen. I administrasjonen vil det vera fylkessekretariatet som støttar og følgjer opp førebuingarbeidet.

Mellom oppgåvene som komiteen skal ta seg av er program, meny, gjesteliste m.m.

Avsluttinga av den noverande fylkestingsperioden vert spesiell. Den markerer også avsluttinga på Hordaland fylkeskommune som saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune frå årsskiftet 2019-2020 vert den nye Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen vil også nemna at ved utgangen av 2019 er det 44 år sidan ordninga med direkte valde fylkesting vart innført, og det er 48 år sidan Hordaland og Bergen vart slegne saman til ein fylkeskommune.